

# Eksamen

27.05.2020

HUD3003 Yrkesutøving / Yrkesutøvelse

**Programområde:** Hudpleier

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>I denne oppgåva blir det lagt vekt på kunnskapar om huda:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• aldring av huda og behandling</li><li>• heilskapleg behandling av akneproblematikk</li><li>• bruk av apparat</li></ul>

## Situasjonsbeskriving

Som nyutdanna hudpleiar har du fått jobb i ein av hudpleiesalongane i byen din. Salongen har rykte på seg for å vere god på hudforbetrande behandlingar og produktrettleiing.

Den første kunden denne dagen er Maria, 45 år og lærar i vidaregåande skole. Ho synest huda hennar har endra seg betrakteleg dei siste åra. Frå å ha hatt ei problemfri hud opplever ho no at huda er blitt tørr og ganske ømfintleg. Ho har i tillegg uttalt raudfarge i kinna, og ho føler at huda er mykje slappare enn tidlegare. Maria lever eit relativt sunt og balansert liv og har gode hudpleierutinar.

Den andre kunden din denne dagen er Lena, 25 år. Ho kjem til deg for å få råd om og behandling for akne-arr. Du observerer under hudanalysen at Lena har både overflatiske og til dels djupe akne-arr. Ho har nokre opne og nokre lukka komedonar, men sidan ho har gått på antibiotika, har ho ikkje lenger akne.

### Oppgåve 1

- a) Forklar korleis du ut frå opplysningane i situasjonsbeskrivinga planlegg og gjennomfører ansiktsbehandlinga til Maria.
- b) Drøft kva for apparat du vil bruke til forbehandling og hovudbehandling.
- c) Forklar korleis det du observerer på huda til Maria, påverkar vala dine av produkt til heimebehandling.

### Oppgåve 2

- a) Drøft kva for apparat og kva for hudpleiebehandling som vil gi best resultat for hudproblema til Lena.
- b) Lag ein heilskapleg behandlingsplan, og fortel korleis du kom fram til vala du baserer planen på.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>I denne oppgaven blir det lagt vekt på kunnskaper om huden:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• aldring av huden og behandling</li><li>• helhetlig behandling av akneproblematikk</li><li>• bruk av apparater</li></ul>

## Situasjonsbeskrivelse

Som nyutdannet hudpleier har du fått jobb i en av byens hudpleiesalonger. Salongen har rykte på seg for å være god på hudforbedrende behandlinger og produktveiledning.

Den første kunden denne dagen er Maria, 45 år og lærer i videregående skole. Hun synes huden hennes har endret seg betraktelig de siste årene. Fra å ha hatt en problemfri hud opplever hun nå at huden er blitt tørr og ganske ømfintlig. Hun har i tillegg uttalt rødhet i kinnene, og hun føler at huden er mye slappere enn tidligere. Maria lever et relativt sunt og balansert liv og har gode hudpleierutiner.


Den andre kunden din denne dagen er Lena, 25 år. Hun kommer til deg for å få råd om og behandling for akne-arr. Du observerer under hudanalysen at Lena har både overfladiske og til dels dype akne-arr. Hun har noen åpne og noen lukkede komedoner, men siden hun har gått på antibiotika, har hun ikke lenger akne.

### Oppgave 1

- Forklar hvordan du ut fra opplysningene i situasjonsbeskrivelsen planlegger og gjennomfører ansiktsbehandlingen til Maria.
- Drøft hvilke apparater du vil bruke til forbehandling og hovedbehandling.
- Forklar hvordan det du observerer på huden til Maria, påvirker dine valg av produkter til hjemmebehandling.

### Oppgave 2

- Drøft hvilke apparater og hvilken hudpleiebehandling som vil gi best resultat for Lenas hudproblemer.
- Lag en helhetlig behandlingsplan, og fortell hvordan du kom fram til valgene du baserer planen på.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)